



Bømlo sokneråd – Møtereferat 05-2024

Stad:	Bømlo kyrkje	Dato: 24.04.24
Frammøtte:	Rolf Magne Skippervik, Svanhild Vespestad, Trygve Totland, Anja Beate Skullerud, Anna Lovise Olsen og Sissel Fylkesnes Våge. Forfall: Odd Ingvar Nilssen, Dagnor Engenes	
Referent:	Anja-Beate Skullerud	

Saksliste:

Sak 01-05 - 2024 Godkjenning av sakliste og innkalling til møte

Godkjend

Sak 02-05 - 2024 Godkjenning av referat.

Referat frå møte 03 – 24 godkjent.

Referat frå møte 02 – 24 og frå årsmøte er ikkje godkjent då dette framleis ikkje er motteke.

Sak 03-05 - 2024 Konfirmantfestar

Dette året vert det ikkje laga til konfirmantfest slik som tidlegare. Det blir i staden invitert til kyrkjeaffi rett etter konfirmantgudstenesta. Invitasjon er sendt til konfirmantforeldrene.

Soknerådet vedtek at konfirmantgudsteneste heretter blir lagt til kveldstid, anten søndag eller evt. ein annan vekedag, med ein enkel markering rett etterpå, t.d.i form av kyrkjeaffi og litt program.

Konfirmantfest slik det har vore tradisjon for tidlegare, utgår.

Soknerådet vedtek å halde fram tradisjonen med å invitere 50-årskonfirmantane. Dette året er det sendt ut invitasjon til gudstenesta 16.juni med kyrkjeaffi etter gudstenesta.

Sak 04-05 - 2024 Budsjett/maling av kyrkja

Soknerådet vedtek å gå vidare med pristilbod frå Skimmeland Eiendom på maling av kyrkja på 59.400/74.250, og legg i første omgang ut for kostnaden sjølv.

Sak 05-05 - 2024 Miljøtiltak for konfirantar

Opplegget med samtalegrupper for konfirantar stoppa opp under pandemien og har ikkje vore sett i gong att til no. Soknerådet vedtek å starte opp att med samtalegrupper for konfirmantane frå hausten 2024 av.



Vidare ynskjer soknerådet at konfirmantane skal vere meir delaktige og synlege under gudstenestene gjennom året. Difor vert det også vedteke at konfirmantane skal få oppgåver i gudstenestene og at pedagogen sørgjer for å fordele høvelege oppgåver til kvar gudsteneste. (Dette kan t.d. vere å vere med som kyrkjevert, bere inn dåpsvatnet, vere forsongar eller vere med tekniker.)

Sak 06-05 - 2024 Ymist

-Utstyr til kjøken: Svanhild skriv liste over kva vi treng av utstyr til kjøken og innhentar/utarbeidar prisoverslag.

-Medarbeidarsamling: For stab/tilsette og alle fire sokneråda vert i Bømlo kyrkje 28.aug. Soknerådet sørgjer for å gjere klar litesalen for om lag 50 personar.

-Bestikk: Har vore sakna, men mesteparten er no kome på plass. Dei store skeiene manglar framleis.

-1000-årsjubileet på Moster: soknerådet etterlyser informasjon frå kyrkjekontoret om behov for medhjelparar/kyrkjevertar.

-Innsetjingsgudsteneste for ny sokneprest 26.mai vert i Bømlo kyrkje kl 11.

-Det er kome brev til soknerådet frå prosten datert 16 april i år, der det m.a. vert mint om høvet til å setje opp prostirådet på offerlista. Dette vert teke opp neste gong soknerådet set opp offerliste.